



Til:

## NOTAT

Arkivsaknr.:  
14/181-3

Arkiv  
K2-L12, K3-&21

Sakshandsamar  
Ingunn Bårtvedt Skjerdal, 57 63 29 11

Dato  
19.03.2014

### Referat frå møte med Undredal grendalag 11.03.2014

Møte i Undredal skule 11.03.2014 kl 12-14

Deltakarar:

Anna Karina Marstein [geitost@online.no](mailto:geitost@online.no)  
Ivar-Bjarne Underdal [ivar@naroyfjorden.no](mailto:ivar@naroyfjorden.no)  
Eke Krug [eke.krug@gmail.com](mailto:eke.krug@gmail.com)  
Inger Oline Øy  
Anne K. Flåm [annek@alb.no](mailto:annek@alb.no)  
Jan Olav Å. Møller [janolav.moller@aurland.kommune.no](mailto:janolav.moller@aurland.kommune.no)  
Ingunn B. Skjerdal [ingunn.skjerdal@aurland.kommune.no](mailto:ingunn.skjerdal@aurland.kommune.no)

#### 1. Bakgrunn

Aurland kommune startar no areidet med revisjon av reguleringsplanen for Undredal. Gjeldande reguleringsplan er vedteken i 1996. Ein del av løysingane har ikkje vore aktuelle å gjennomføre.

Revisjon av reguleringsplan ligg i inne i kommuneplanen sin handlingsdel.

Innbyggjarane i Undredal har jobba med fleire prosessar dei siste åra kor resultatane vert nytta som innspel til planarbeidet.

#### 2. Reguleringsplan

Det vert utarbeidd ein områdereguleringsplan. Som grunnlag for planarbeidet vert det utarbeidd eit planprogram. Planprogrammet er ein plan for planarbeidet og tek mellom anna for seg viktige problemstillingar i planarbeidet, planprosess, medverknad og framdriftsplan.

#### 3. Kommunen har sett opp følgjande tema som viktige problemstillingar: Infrastruktur (parkering, busstrafikk, gåande vs syklande) Bustad (ivaretaking av eksisterande bygningar, høve til å bygge nytt) Strandsona (småbåthamn for gjester og fastbuande, tilgang til sjø, bading) Tilrettelegging for besøkande (skilting, tuveg/-sti trasear), ivaretaking av bygningsmiljø, kulturlandskap og strandsona)

Innspel til viktige problemstillingar frå Undredal grendalag

- Strandsona, privat eigd, utfordring i høve kajakk, ønskje om småbåthamn
- Bustad med små bueiningar anten for eldre evt. for unge nyetablerarar
- Utviding av eksisterande bustadfelt, mogleg å bygge over eksisterande bustadfelt?
- I Undredal er det 54 bustadhus. Av desse er 30 feriehous.
- Teknisk infrastruktur veg, vatn, avlaup til framtidige bustadtomter
- Snuplass – planen må finne ei god utforming av den.
- Betongklossar mot elva, var ei midlertidig løysing. Den bør oppgraderast.
- Rett nedanfor brua er det truleg nokre restar frå kraftverket i Undredal som kan vere til fare for folk. Masser er dumpa ned mot elva i dette området.
- I Undredal saknar dei eit areal for renning av jonsokbål
- Utnytting av SL1 i gjeldande plan, det er her utviklingsmoglegheitene er.
- Areal for søppelhandtering – bygg for søppelkonteinarar
- Planar om etablering av grindbygg i parken

- Plan for tilrettelegging for kajakk utarbeidd – Ivar Bjarne sender denne til kommunen – nyttig i planarbeidet.
- Småbåtanlegg, kaianlegg, bølgedemperar – trafikkavvikling, anlegg må ikkje bli for stort
- Turveg – runde rundt kyrkja – på denne strekninga er det ein ve/mur som held på å skli ut.
- Utanfor kyrkja er det fleire ting som må avklarast, gjerde, vegdekke på veg 3. – Monica Finden har dialog med riksantikvaren som styrer dette.

4. *Kartleggingar*

Flaumsonkartlegging og rasfarekartlegging er viktig grunnlagsmateriale for vidare planlegging i Undredal.

5. *Vidare framdrift og planprosess*

Aurland kommune skal i møte med planforum der vi møter overordna statlege høyringsorgan som NVE, Fylkesmannen, Vegvesen og regionalmyndigheiter som kulturaveldinga hjå fylkeskommunen. Møtet er 9. april

Målet er å leggje fram planprogram til politisk handsaming 5. mai.

Planprogrammet vert så sendt på høyring og alle grunneigarar, lag og organisasjonar, regionale og statlege myndigheiter vert varsla om oppstart av planarbeid.

6. *Vidare prosess for medverknad.*

Når det ligg føre utgreiingar og vurderingar som skal nyttast i planen er det naturleg å invitere til allmøte for å presentere det. Kombinasjon av allmøte og møter i styret i grendalaget, gjerne kombinere med tema brannvern, då kjem det erfaringsmessig mykje folk.

Det vart nemnd i møtet at Nils Hjellum har e-postliste til alle i sameige.

Ingunn Bårtvedt Skjerdal  
Rådgevar